

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap	10.02.2022	009/22
Kvam heradsstyre	15.02.2022	010/22

Avgjerd av:	Arkiv: N-541	Arkivsaknr
Saksh.: Nedkvitne, Jon	Objekt:	21/12914 - 7

Kvam herad - uttale til revisjonsdokument for Bergsdalsvassdraget og Torfinnsvassdraget

Behandling i politiske utval:

10.02.2022, FSK- 009/22 Vedtak:

Kvam heradsstyre har følgjande uttale til vilkårsrevisjon for Bergsdalsvassdraget og Torfinnsvassdraget:

Pkt 1.Regulering av Hamlagrøvatnet:

a. naturleg vasstand 587,7 moh.

b. vestre del regulert frå 588 til 560 moh.=28 m.

c. austre del regulert frå 588 til 570 moh.=18 m.

Regulanten må påleggjast å endra manøvreringsreglementet slik at tappinga i Hamlagrøvatn vert avslutta 1. mai, mot 15. mai som i dag, medan tapping startar opp att 1. september som i dag (sommartapping). Dette vil gje ei raskare oppfylling og gje ein vassbank som kan sikra minstevassføring på anadrom strekning og køyring av lokkeflaumar.

Minimum vasstand før tapping om sommaren bør vera 585, mot 584 i dag.

Pkt 2. Det må krevjast alternative tilkomstløysingar frå parkeringsplassane på nordsida av Hamlagrøvatnet til Søre Hamlagrø og Kyrkjevika, som kan nyttast heile året.

(Dette gjeld tilrettelegging for kryssing av elvar langs sørsida av Hamlagrøvatnet og tilrettelegging i området ved Lomatjønn. Tilrettelegging må skje i lag med grunneigarar og vel/hytteforening)

Pkt 3. For Botnadalsvassdraget

Biotoptiltak. Elva er ein del av BKK si drift av kraftverket. Ved skadar og/eller andre forhold

som kan sjåast i samanheng med regulering, må BKK bidra med løysingar som kan hindra og redusera elveprofilen og fiskestamma; Eliminering av utsette strandingsområde, tilpassa elvebotn til effektkøyring, ripping, restaurering av side- og flaumløp, Miljøvenleg skjøtsel (Ikkje snauhogst) og utsetjing av gytegrus.

Kvam herad ber NVE vurdere moglegheiten av å pålegge regulanten vannslepp i Botnaelva i særlig tørre perioder, for å unngå tørrlegging av vassdraget. Ein ber om at det vert vurdert å gjera dette vassleppet frå tunnel mellom Songrø og Kvålsdalen. Eigna stad for dette er tverrslag på overføringstunell, som kjem ut ved det gamle elveløpet.

Pkt 4. Vurdering av tersklar. Det må utarbeidast ein terskelplan der alle gjeldande tersklar, nye tersklar, steingrupper, kulpar og andre tiltak, vert vurdert etter funksjon og behov. Regulanten må bidra i overvaking av gytefisk, ungfisk, botndyr og vasskjemi.

Kvam herad ber om at terskel ved innløp til tunnel ut av vatnet i Songrø må utbetrast. Ein ber og spesielt om at vannspeglet for vatnet i Songrø i perioden 1 juni til 30 september vert halde 30 cm over LRV (lågast regulert vannstand) for å førebyggja turrlegging i øverste del av vatnet. Ein ber og om at etter ny tunnel frå Svartavatn til Torfinnsvatnet er sett i drift, vert gjort ny vurdering av vannspeglet i Songrøvatn.

Pkt. 5 Fiskefonda vert vidareført i den nye konsesjonen.

*Pkt. 6 Kvam heradsstyre støttar nabokommunane sine uttalar, og ber om at NVE vektlegg uttalane i vidare revisjonsprosess.
Sikre minstevassføring i Botnaelva*

Framlegg til vedtak vart trekt.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre har følgjande uttale til vilkårsrevisjon for Bergdalsvassdraget og Torfinnsvassdraget:

Pkt 1.Regulering av Hamlagrøvatnet:

- a. naturleg vasstand 587,7 moh.
- b. vestre del regulert frå 588 til 560 moh.=28 m.
- c. austre del regulert frå 588 til 570 moh.=18 m.

Regulanten må påleggjast å endra manøvreringsreglementet slik at tappinga i Hamlagrøvatn

vert avslutta 1. mai, mot 15. mai som i dag, medan tapping startar opp att 1. september som i dag (sommartapping). Dette vil gje ei raskare oppfylling og gje ein vassbank som kan sikra minstevassføring på anadrom strekning og køyring av lokkeflaumar. Minimum vasstand før tapping om sommaren bør vera 585, mot 584 i dag.

Pkt 2. Det må krevjast alternative tilkomstløyisingar frå parkeringsplassane på nordsida av Hamlagrøvatnet til Søre Hamlagrø og Kyrkjevika, som kan nyttast heile året.

Pkt 3. For Botnadalsvassdraget

Biotoptiltak. Elva er ein del av BKK si drift av kraftverket. Ved skadar og/eller andre forhold som kan sjåast i samanheng med regulering, må BKK bidra med løysingar som kan hindra og redusera elveprofilen og fiskestamma; Eliminering av utsette strandingsområde, tilpassa elvebotn til effektkøyring, ripping, restaurering av side- og flaumløp, Miljøvenleg skjøtsel (Ikkje snauhogst) og utsetjing av gytegrus.

Pkt 4. Vurdering av tersklar. Det må utarbeidast ein terskelplan der alle gjeldande tersklar, nye tersklar, steingrupper, kulpar og andre tiltak, vert vurdert etter funksjon og behov. Regulanten må bidra i overvaking av gytefisk, ungfisk, botndyr og vasskjemi.

Pkt. 5 Fiskefonda vert vidareført i den nye konsesjonen.

Pkt. 6 Kvam heradsstyre støttar nabokommunane sine uttalar, og ber om at NVE vektlegg uttalane i vidare revisjonsprosess.

Samandrag:

Hovedformålet med ein vilkårsrevisjon av vassdraga er å betra miljø- og naturforholda, ved å avbøte ulemper og negative verknader ved utbygginga.

Kvam herad, i samarbeid med nabokommunar, utforma sine krav og merknader i brev av 5 juni 2019. Kvam herad la vekt på : *«at revisjonen for reguleringane i Bergsdalsvassdraget med Torfinnsvatnet skal vurdere i kva grad levevilkåra for laks, sjøaure og elveaure er endra i Botnaelva, grunna overføringane til Hamlagrøvatnet. Botnaelva munnar ut inst i Fykkesundet og om lag 19 km² av det opphavelige nedbørfeltet på 45,5 km² er overført. Om lag ein kilometer ovanfor utløpet til sjøen, deler elva seg i to greiner. I nedre del ber elva preg av flaum og masseforflytting. Periodisk sterk vassføring har endra og øydelagt viktige kulpar i elva, og mangel på kulpar gjer det vanskeleg for fisk å halda seg, samt flytta seg oppover. Opparbeiding av nye og meir permanente kulpar i elva bør vurderast.»*

Fjellområda i dei regulerede områda er attraktive tur og friluftsområde. Det er fleire turisthytter og merka turløyper og områda blir mykje nytta gjennom heile året. Rundt Hamlagrøvatnet ligg det ei rekkje stolar og hytter, der dei fleste av hyttene er kome til etter reguleringa. Reguleringa skapar vanskar for ferdsel på vatnet både sommar og vinter. Hamlagrøvatnet vart fyrste gong regulert i 1928 og kan i dag senkast inntil 27,5 meter. Strandlinja til Hamlagrøvatnet er prega av lausmasser. Erosjon har derfor vore og er ei stor utfordring i strandsona

Rådmannen har nytta ein god del av sine vurderingar på arbeidet til nabokommunane Voss og Vaksdal, som er dei kommunane som har største delen av nedslagsfeltet innafor sine

kommunegrenser. Til liks med fylkeskommunen, vil også rådmannen leggja vekt på at NVE legg vekt på innspel frå dei berørte kommunane. Uttalen til Kvam omtalar primært dei tilhøva som ligg innafør kommunen sine geografiske område.

Vedlegg i saka:

Dok.id	Tittel
29203	Felles kravdokument 05.06.2019 (L)(919336)
29204	NVE åpner vilkårsrevisjon for Bergsdalsvassdraget inkl. Torfinnsvassdraget (L)(963619)
29205	NVE åpner vilkårsrevisjon for Bergsdalsvassdraget inkl. Torfinnsvassdraget.PDF (L)(963620)
29206	Om innkomne krav om revisjon av konsesjonar for Bergsdalsvassdraget
29207	VilkårsrevisjonBKK
29209	VS: Sak til formannskapet i Vaksdal
29210	Vilkårsrevisjonar. Vestland fk.
29211	Vlfk HU Næring Revisjon av Eksingedalsvassdraget HU
29212	Vlfk HU Næring Revisjon av Bergsdalsvassdraget
29213	Gjeld kommunane sitt arbeid med vilkårsrevisjonane
29214	Vilkårsrevisjon for Bergsdalsvassdraget og Torfinnsvassdraget Notat
29215	Meldingssak
29216	Uttale til revisjonsdokument Voss herad
29217	2112914
29218	Oppmoding frå Kyrkjevika Hyttelag i høve vilkårsrevisjon for Bergsdals- og Torfinnsvassdraget
29219	OppmodingHerad
29220	Vilkårsrevisjon for Bergsdalvassdraget og Torfinnsvassdraget
29221	Vilkårsrevisjon for Bergsdalvassdraget og Torfinnsvassdraget

10.02.2022 Kvam formannskap

Tillegg til punkt 2: (Dette gjeld tilrettelegging for kryssing av elvar langs sørsida av Hamlagrøvatnet og tilrettelegging i området ved Lomatjønn. Tilrettelegging må skje i lag med grunneigarar og vel/hytteforening)

Tillegg punkt 3: Kvam herad ber NVE vurderer moglegheiten av å pålegge regulanten vannslepp i Botnaelva i særlig tørre perioder, for å unngå tørrelegging av vassdraget. Ein ber om at det vert vurdert å gjera dette vassleppet frå tunnel mellom Songrø og Kvålsdalen. Eigna stad for dette er tverrslag på overføringstunell, som kjem ut ved det gamle elveløpet.

Tillegg punkt 4. Kvam herad ber om at terskel ved innløp til tunnel ut av vatnet i Songrø må utbetrast. Ein ber og spesielt om at vannspeglet for vatnet i Songrø i perioden 1 juni til 30 september vert halde 30 cm over LRV (lågast regulert vannstand) for å førebyggja turrlegging i øverste del av vatnet. Ein ber og om at etter ny tunnel frå Svartavatn til Torfinnsvatnet er sett i drift, vert gjort ny vurdering av vannspeglet i Songrøvatn.

Sikre minstevassføring i Botnaelva

Framlegg til vedtak vart trekt.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke
Framlegg frå Frp, (som rådmannen sitt med tillegg) vart samrøystes vedteke
Saksordførar i HST Frode Nygård, Frp

FSK- 009/22 Vedtak:

Kvam heradsstyre har følgjande uttale til vilkårsrevisjon for Bergdalsvassdraget og Torfinnsvassdraget:

Pkt 1.Regulering av Hamlagrøvatnet:

- a. naturleg vasstand 587,7 moh.
- b. vestre del regulert frå 588 til 560 moh.=28 m.
- c. austre del regulert frå 588 til 570 moh.=18 m.

Regulanten må påleggjast å endra manøvreringsreglementet slik at tappinga i Hamlagrøvatn vert avslutta 1. mai, mot 15. mai som i dag, medan tapping startar opp att 1. september som i dag (sommartapping). Dette vil gje ei raskare oppfylling og gje ein vassbank som kan sikra minstevassføring på anadrom strekning og køyring av lokkeflaumar.

Minimum vasstand før tapping om sommaren bør vera 585, mot 584 i dag.

Pkt 2. Det må krevjast alternative tilkomstløysingar frå parkeringsplassane på nordsida av Hamlagrøvatnet til Søre Hamlagrø og Kyrkjevika, som kan nyttast heile året.

(Dette gjeld tilrettelegging for kryssing av elvar langs sørsida av Hamlagrøvatnet og tilrettelegging i området ved Lomatjønn. Tilrettelegging må skje i lag med grunneigarar og vel/hytteforening)

Pkt 3. For Botnadalsvassdraget

Biotoptiltak. Elva er ein del av BKK si drift av kraftverket. Ved skadar og/eller andre forhold som kan sjåast i samband med regulering, må BKK bidra med løysingar som kan hindra og redusera elveprofilen og fiskestamma; Eliminering av utsette strandingsområde, tilpassa elvebotn til effektkøyning, ripping, restaurering av side- og flaumløp, Miljøvenleg skjøtsel (Ikkje snauhogst) og utsetjing av gytegrus.

Kvam herad ber NVE vurdere moglegheiten av å pålegge regulanten vannslepp i Botnaelva i særleg tørre perioder, for å unngå tørrlegging av vassdraget. Ein ber om at det vert vurdert å gjera dette vassleppet frå tunnel mellom Songrø og Kvålsdalen. Eigna stad for dette er tverrslag på overføringstunell, som kjem ut ved det gamle elveløpet.

Pkt 4. Vurdering av tersklar. Det må utarbeidast ein terskelplan der alle gjeldande tersklar, nye tersklar, steingrupper, kulpar og andre tiltak, vert vurdert etter funksjon og behov. Regulanten må bidra i overvaking av gytefisk, ungfisk, botndyr og vasskjemi.

Kvam herad ber om at terskel ved innløp til tunnel ut av vatnet i Songrø må utbetrast. Ein ber og spesielt om at vannspeglet for vatnet i Songrø i perioden 1 juni til 30 september vert

halde 30 cm over LRV (lågast regulert vannstand) for å førebyggja turrlegging i øverste del av vatnet. Ein ber og om at etter ny tunnel frå Svartavatn til Torfinnsvatnet er sett i drift, vert gjort ny vurdering av vannspeget i Songrøvatn.

Pkt. 5 Fiskefonda vert vidareført i den nye konsesjonen.

Pkt. 6 Kvam heradsstyre støttar nabokommunane sine uttalar, og ber om at NVE vektlegg uttalane i vidare revisjonsprosess.
Sikre minstevassføring i Botnaelva

Framlegg til vedtak vart trekt.

Saksopplysningar:

Kvam herad skal gje uttale til Vilkårsrevisjon for Bergsdalsvassdraget og Torfinnsvassdraget. NVE har sett frist til 01.11.2021. Kvam herad har fått utsett frist til 17.02.2022.

Saksgangen i ein revisjon: 1. Krav om revisjon Representantar for allmenne interesser grunnjev behov for endringar/krav overfor NVE (vassdragsmyndigheit), eller NVE begynner revisjonssak der behova allereie er tilstrekkeleg dokumentert.

2. Konsesjonær kommenterer krava. NVE ber konsesjonær kommentere krava og samtidig vurdere om det er O/U prosjekter (opprusting og utvidingsprosjekt) som kan sjåast i samanheng med ein eventuell revisjon.

3. Opne revisjonssak. NVE avgjer om revisjonssak skal opnast . Avgjersla kan påklagast til Olje- og energidepartementet.

4. Utarbeiding av revisjonsdokument. Konsesjonær utarbeider revisjonsdokument etter mal.

5. Revisjonsdokument på høyring. NVE sender revisjonsdokumentet på høyring til berørte partar.

6. Kommentering av innkomne høyringsuttalar. NVE sender høyringsuttalane til konsesjonær for uttale og kan krevje faglege tilleggsundersøkingar eller ann fagleg relevant dokumentasjon.

7. Innstilling til OED. NVE oversender innstilling til OED om eventuelle endringar av vilkår, med forslag til nye vilkår.

8. Kongen i Statsråd vedtar revisjon av reguleringskonsesjonen ved kongeleg resolusjon.

9. Konsesjonæren får moglegheit til å sei frå seg konsesjonen.

følge vassdragsreguleringslova er det konsesjonsvilkåra som kan reviderast, ikkje konsesjonen. Det vil seia at overføringane i og reguleringsgrensene for konsesjonen ikkje er til revisjon.

I samband med spørsmålet om vilkårsrevisjon av Bergsdalsvassdraget, gjorde heradsstyret i Kvam fylgjande vedtak


(11.06.2019, HST – 055/19):

Kvam herad sluttar seg til vurderingane som er gjort i vedlagte notat «Felles kravdokument 05.06.2019», og ber om at kravet med saksutgreiing vert sendt Norges vassdrags- og energidirektorat.

Gjeldande vilkår i konsesjon (kort utdrag)

- Hamlagrøvatnet skal ikkje tappast mellom 15. mai og 15. august før vasstanden har nådd 584,0 moh. dersom det ikkje er behov for tapping for å sikre minstevassføringa i Daleelva.
- Tapping av Hamlagrøvatnet i perioden 15. august til 1. september skal berre skje utan seinking.

NVE varsla i januar 2019 aktuelle kommunar om innkomne krav som gjeld vilkårsrevisjon for Torfinnsvassdraget og Bergsdalsvassdraget, Eksingedalsvassdraget og Teigdalsvassdraget (Evanger kraftverk) og Steinsland / Modalsvassdraget. På vegne av kommunane Vaksdal, Modalen, Vik og Kvam herad, svara Voss herad 23. mars 2019 at kommunane ynskjer å koordinera krava om vilkårsrevisjon for dei aktuelle vassdraga. Kvam herad, i samarbeid med nabokommunar utforma sine krav og merknader i brev av 5 juni 2019. Kvam herad la vekt på : *«at revisjonen for reguleringane i Bergsdalsvassdraget med Torfinnsvatnet skal vurdere i kva grad levevilkåra for laks, sjøaure og elveaure er endra i Botnaelva grunna overføringane til Hamlagrøvatnet. Botnaelva munnar ut inst i Fykkesundet og om lag 19 km² av det opphavelge nedbørfeltet på 45,5 km² er overført. Om lag ein kilometer ovanfor utløpet til sjøen, deler elva seg i to greiner. I nedre del ber elva preg av flaum og masseforflytting. Periodisk sterk vassføring har endra og øydelagt viktige kulpar i elva, og mangel på kulpar gjer det vanskeleg for fisk å halda seg samt flytta seg oppover. Opparbeiding av nye og meir permanente kulpar i elva bør vurderast.»*



Figur 6 Forenklet oversiktskart over utbyggingene.

Tabell 1 Hoveddata for kraftverkene i Bergsdalsvassdraget.

Kraftverk	Dale	Fosse	Kaldestad	Hodnaberg
Årlig tilsig til inntaket [mill. m ³]	821	676	548	189
Lengde på berørt elvestrekning [km], jf. tabell 4	---	---	---	---
Midlere brutto fallhøyde [m]	375	99	83	300
Midlere energiekvivalent ved midlere brutto fallhøyde og maksimal slukeevne [kWh/m ³]	0,93	0,24	0,18	0,70
Maksimal slukeevne [m ³ /s]	45,0	30,0	37,9	12,5
Minimal slukeevne [m ³ /s]	---	---	---	---
Installert effekt [MW]	147	25	24	30
Midlere årsproduksjon [GWh/år]	694	143	91	94
Brukstid [timer]	4700	5720	3800	3130

Tabell 16 Oversikt over fond og konsesjonsavgifter.

År	Tiltak	Fiskefond til kommunen (engangsutbetaling) ¹⁾	Konsesjonsavgift til staten ¹⁾	Konsesjonsavgift til kommunen ¹⁾	Konsesjonskraft til kommunen
1928	Regulering Bergsdalsvassdraget	Kr. 10 000 til å fremme fisket i vassdraget.	0,50 kr/nat.hk	1,00 kr/nat.hk	10 %
1928	Regulering Torfinnsvassdraget	Kr. 20 000 til å fremme fisket i Vosso.	0,50 kr/nat.hk	1,00 kr/nat.hk	10 %
1948	Ytterligere regulering av Bergsdalsvassdraget (Flatabølva m.m.)	Kr. 25 000 til å fremme fiske i Bergsdalsvassdraget/Flatabølva/laks og sjøørretfisk i Fykkesund. Kr. 40 000 til Evanger kommune for å fremme jordbruket.	0,50 kr/nat.hk	1,50 kr/nat.hk	10 %
1962	Tillatelse til å overføre Ljosvatnet og Holmavatnet	Ingen fond.	1,00 kr/nat.hk	3,50 kr/nat.hk	10 %
1964	Kaldestad kraftverk	Kr. 20 000 til Voss herad. Kr. 20 000 til Kvam herad.	1,00 kr/nat.hk	5,00 kr/nat.hk	10 %
2018	Tillatelse til å overføre Svartavatnet m.m.	Ingen fond.	8,00 kr/nat.hk	24,00 kr/nat.hk	10 %

¹⁾ Oppgitt i opprinnelig beløp, det vil si beløpene er ikke indeksregulert.

Frå NVE sitt brev -dagsett den 04.02.2020

Revisjonens formål

«Vi viser til at hovedformålet med en revisjon er å bedre miljø- og naturforholdene ved å avbøte ulemper og negative virkninger ved utbyggingen. Bestemmelser i konsesjonen om høyeste og laveste regulerte vannstand (HRV og LRV) samt overføringer kommer ikke inn under hva som kan revideres. Revisjonen åpner imidlertid for å vurdere blant annet endring i manøvreringspraksis, minstevannslipp og biotopjusterende tiltak.»

Det er overført vatn fra to vassdrag som har naturleg utløp i Fykkesund, Botnaelva og Skårelvi. I Botnaelva er det overført vatn fra sideelvene Frytlielva (Tjørnadalen og Breisettjørnnet) og Flatabølva (Løkjesdalstjørnane, Songrøvatnet og Hardingskardet). Fra Skårelvi er Juklavatnet overført til Songrøvatnet.

Fra Skårelvi er det også overført vatn til Statkraft sitt anlegg i Ålvik. Overføringane er i hovudsak tunnelar og kanalar.



Figur 11 Referansepunkt for vannføring og magasin.

Aure.

Torfinnsvatnet, Hamlagrøvatnet og Bergsvatnet er dei største vatna som er regulert til kraftproduksjon i Bergsdalen. Det er gjennomført prøvefiske i desse vatna dei siste 20 åra. Det har berre vore sett ut yngel i Torfinnsvatnet.

Det er ikkje utsettingspålegg i Hamlagrøvatnet og vatnet vart sist prøvefiska i 2001. Det er ein god aurebestand i Hamlagrøvatnet og naturlig rekruttering er påvist i alle undersøkte bekker og elver ved Hamlagrøvatnet. Det er og registrert røye i vatnet. I samband med konsesjonen oppretta Eviny 3 kommunale fiskefond som eit avbøtande tiltak.

Friluftsliv og kulturminne. Fjellområda i dei regulerte områda er attraktive tur og friluftsområde. Det er fleire turisthytter og merka turløyper og områda blir mykje nytta gjennom heile året. Rundt Hamlagrøvatnet ligg det ei rekkje stølar og hytter, der dei fleste av hyttene er kome til etter reguleringa. Reguleringa skapar vanskar for ferdsel på vatnet både sommar og vinter. I området er det ingen kjente objekt verna etter kulturminnelova som er direkte påverka av utbygginga.

Erosjon og utrasing i Hamlagrøvatnet Hamlagrøvatnet kan i dag senkast inntil 27,5 meter. Strandlinja til Hamlagrøvatnet er prega av lausmasser. Erosjon har derfor vore og er ei stor utfordring i strandsona. Utrasing i strandsona har såleis utløyst krav om erstatning og i 1952 vart det halde skjøn over «utrasingsskader» rundt Hamlagrøvatnet. Det vart etter skjønnnet betalt erstatning, som også skulle inkludera framtidige skader. Seinare er det målt opp utrasa areal som overstig det arealet som vart erstatta.

Botnaelvassdraget (frå BKK sin vilkårsrevisjon)

«Det er få egnede gyteområder og det er lave tettheter av ungfisk. Bestanden av voksen sjørret er fåtallig i forhold til tettheten av presmolt, og angrep av lakselus i fjorden er den sannsynlige årsaken [16] [33]. Forholdene i Botnadalsvassdraget med hensyn til revisjonskrav vil bli ytterligere utdypet i kapittel 8.»

«Etter at Bergsdalsvassdraget ble åpnet for vilkårsrevisjon, er Botnaelva kommet med som en del av influensområdet. For denne vannforekomsten er det foreslått tiltak som problemkartlegging og vurdering av variabel miljøtilpasset vannføring for kommende planperiode 2022-2027.»

Regional vassforvaltningsplan

Regional vassforvaltningsplan for Hordaland 2016-2021 vart godkjent av Klima og miljødepartementet (KLD) i 2016. For Bergsdalsvassdraget og Torfinnsvassdraget er ingen objekt oppført i vedlegg 2 i KLD sitt godkjenningsbrev, som gir oversikt over vassdrag med miljømål høgre enn tilstanden i dag og som treng nye tiltak som kan føra med seg tap i kraftproduksjon.

Minstevannføring Bergsdalsvassdraget

Eviny har pålegg om å sikre minimum 3 m³/s hele året i Daleelva målt nedstrøms kraftverket.

«BKK meiner at slipp av minstevannføring fra øvre deler av Bergsdalsvassdraget, vil gi store tap av regulerbar fornybar vannkraft og ikke være kostnadseffektivt i forhold til nytteverdien. På anadrom strekning oppstrøms kraftverksutløpet mener BKK det er formålstjenlig å se på mulighetene for å endre dagens slipp av 300 l/s fra Storefossen til å sikre en minimumsvannføring på 500 l/s ved smoltfellen. Å sikre en minimumsvannføring på 500 l/s vil ivareta fiskens vannbehov og samtidig gi potensielt økt vannkraftproduksjon.»

Eviny sitt revisjonsdokument

Eviny foreslår i revisjonsdokumentet å endra manøvreringsreglementet for tapping i Hamlagrøvatnet ved å senka kotehøgda som vasstanden skal liggja på om sommaren med 2 meter, i tillegg til å fjerna særregelen om å unngå tapping frå nivå av 15. august til 1. september. Eviny meiner at bakgrunnen for dette kravet ikkje lenger gjer seg gjeldande. Eviny viser til at senking av sommarvasstand vil gje ein større fleksibilitet ved reguleringa av vassdraget. Dette kan også gje betre tilhøve for å kunna tilpassa vassføringa på anadrom strekning nedst i vassdraget (Daleelva).

Det revisjonsdokumentet ikkje visualiserer er konsekvensar på landskapsbilde (svart/brun vegetasjonsfri sone rundt heile vatnet) ved 2 meter lågare vannstand sommarstid. Voss herad har stilt spørsmålsteikn med om dette er i tråd med OED (2012) sine retningslinjer for vilkårsrevisjon.

Eviny skriv i sitt revisjonsdokument at «I all hovudsak ligger all flomdemping i Bergsdalsvassdraget i reguleringen av Hamlagrøvatnet.»

Brev i frå Kyrkjevika hyttelag peikar på at dei er avhengige av kryssing av det sterkt nedregulerte vatnet, sommar som vinter. Det er også gardsbruk i Kvam, som driv næring i området. Hyttelaget peikar på at det er liberale konsesjonsvilkår. Noko som ikkje er gunstig for kryssing av isen på vinterstid. I praksis den einaste tilgjengelege tilkomsten på vinterstid.

Rykkje grendelag skriv og: Som eit minimum meiner me at BKK som eit avbøtande tiltak må sikra denne traseen så den vert trygg og farbar heile året. Gjeld trygg trasé i frå Grønestad og Søre Hamlagrø og Kyrkjevika.

Ved Lomatjørn-- Her burde det vore laga eit betre elveløp som vart sikra med bru.

Vidare handsaming

Etter at NVE har gjennomgått dei ulike merknadane til revisjonsdokumentet vil dei invitera kommunane og andre høyringsinstansar til ei synfaring i dei aktuelle vassdraga der ulike problemstillingar kan utdjupast nærare. Deretter slutthandsamar NVE saka og sender si tilråding til Olje og energidepartementet (OED). Departementet gjennomfører ei avgrensa høyring før saka vert fremja for regjeringa for kongeleg resolusjon og endeleg vedtak i statsråd.

Vestland fylkeskommune har i sitt vedtak påpeika at NVE må vektleggja uttalar i frå kommunar, grunneigarar og organisasjonar som vert råka av revisjonen.

Vurdering:

Rådmannen vurderer det slik at det er viktig å samarbeida med nabokommunar og grunneigarar rundt vassdraga, no når vilkåra er oppe til revisjon.

For Kvam herad er dei største utfordringane ved reguleringa av Torfinnsvassdraget og Bergsdalsvassdraget knytt til erosjon og utrasing i Hamlagrøvatnet, 2 meter lågare sommarvannstand i Hamlagrøvatnet og tilkomst til stølar og hytter på sørsida av Hamlagrøvatnet. Reguleringa av Hamlagrøvatnet er nok den største negative og mest synlege endringa i landskapet. Reguleringa har og medført negative effektar for lokalsamfunnet. Det var tidlegare ei omfattande stølsdrift/seterdrift rundt vatnet. Sjølv om denne i dag er redusert, er oppdemminga med store utrasingar i strandsona til skade og sjenanse både for grunneigarane og hytteigarane i området. Ei endring av manøvreringsreglementet slik regulanten no gjer framlegg om, bør derfor avvisast. Kvam herad bør derimot krevja at sommarvassstanden vert heva til 585 mot 584 som i dag. Kvam herad bør og krevja at vintertappinga stoppar 1. mai, og ikkje 15. mai.

Kvam herad grunnjev denne innstramminga i manøvreringsreglementet med omsynet til dei som nyttar området både næringsmessig og til fritidsaktivitetar. Det er om lag 80 hytter og mange stølsbol i området rundt Hamlagrøvatnet. Det vert lettare å ta i bruk båt sommardagen og truleg vil dette redusera erosjonsproblematikken i lausmassar i strandsona. Det bør også vurderast å krevja alternative heilårs tilkomstløysingar frå parkeringsplassane på nordsida av Hamlagrøvatnet til Søre Hamlagrø og Kyrkjevika.

Kvam herad ynskte: *«at revisjonen for reguleringane i Bergsdalsvassdraget med Torfinnsvatnet skal vurdere i kva grad levevilkåra for laks, sjøaure og elveaure er endra i Botnaelva grunna overføringane til Hamlagrøvatnet. Botnaelva munnar ut inst i Fykkesundet*

og om lag 19 km² av det opphavelige nedbørfeltet på 45,5 km² er overført. Om lag ein kilometer ovanfor utløpet til sjøen, deler elva seg i to greiner. I nedre del ber elva preg av flaum og masseforflytting. Periodisk sterk vassføring har endra og øydelagt viktige kulpar i elva, og mangel på kulpar gjer det vanskeleg for fisk å halda seg samt flytta seg oppover. Opparbeiding av nye og meir permanente kulpar i elva bør vurderast.»

Eviny (BKK) har svara at: *BKK mener at redusert vannføring trolig har redusert produksjonsarealet for sjøørret noe, men undersøkelene viser at det på tross av dette er tette bestander i Flatabøelva og Frytlielva, noe som tyder på at reguleringen ikke er vesentlig begrensende for fiskeproduksjonen. Fraført vann har også redusert flomproblematikken sammenlignet med naturlig tilstand.*

Rådmannen føreslår å oppretthalda ynskje om nye og meir permanente kulpar, og at det er BKK sitt ansvar for oppfølging.

Utøving av friluftsliv og fiske er ein viktig friluftaktivitet for mange. Likeså er oppleving av intakt og urørt natur viktig. Regulerte vassdrag med tørrlagde elver og tilhøyrande infrastruktur reduserer naturopplevinga for mange. Tilsvarende vil mangel eller redusert tilgang til fiske kunna ha innverknad på livskvalitet og folkehelse. Det er derfor viktig at regulanten gjennom vilkårsrevisjonen bidreg slik at skadeverknadane for det tradisjonelle friluftslivet blir minst mogleg.

Konklusjon i revisjonsdokumentet har Eviny svara på dei krava som er reist gjennom vilkårsrevisjonen. Utifrå dei skadeverknadane som reguleringane har påført Hamlagrøvatnet, meiner rådmannen at manøvreringsreglementet bør strammast noko inn og ikkje utvidast slik Eviny føreslår.

Økonomiske konsekvensar: Generelt gjeld at dersom vatn som i dag går til kraftproduksjon i framtida skal tilbakeførast til vassdraga, vil produksjonen verta lågare med reduserte inntekter for regulanten og i neste runde for heradet. Om heradet sitt framlegg til endringar i manøvreringsreglement fører til økonomiske konsekvensar for heradet, er vanskeleg å vurdere før dette er utgreidd av regulanten sjølv. På den andre sida kan auka trivsel og større attraktivitet i Hamlagrø-området og gi positive ringverknader for kommunen.

Rådmannen har nytta ein god del av sine vurderingar på arbeidet til nabokommunane Voss og Vaksdal, som er dei kommunane som har største delen av nedslagsfeltet innafor sine kommunegrenser. Til liks med fylkeskommunen, vil også rådmannen leggja vekt på at NVE lyttar til dei berørte kommunane og andre som har innspel og merknader til revisjonen. Uttalen til Kvam omtalar primært dei tilhøva som ligg innafor kommunen sine geografiske område.

Rådmannen har fagleg lagt vekt på manøvreringsreglementet for Hamlagrøvatnet, tilkomst til stølar og hytter på sørsida av Hamlagrøvatnet og tilhøvet for Botnavassdraget.